



SPAR steikte brød heile dagen

liday har brødforsyningane prega bondeaksjonen og allereie grytidleg var aksjonistane i Uskedalen ute og slo ned bodskapen sin på jordet. Der vart det slege fast at det ikkje varrt noko brød utan bondens frø. SPAR opna klokka 8 og bøndene sjølv lensa snart hyllene.



Brødforsyning kom klokka 7.30, men gikk fort unna

Personalet hadde den utveg å steika ferdig halvfabrikata og det gjorde dei i så stort omfang at etterspørselen vart dekt., i alle fall fram til klokka 15.



Bodskapen til bøndene

Reaksjonane på denne fase av aksjonen har vore noe blanda, nokon hevdar at bøndene allereie er i ferd med å gå for langt. Andre meiner at aksjonen slett ikkje er noko overtramp, men bør bli møtt med sympati utifrå dei harde resalitetar.
Tekst og foto: Ola Matti Mathisen